

Forslag til konsesjonsvilkår for Førde helikopterplass, Sjukehuset

1 Konsesjonshavar sitt ansvar

Helse Førde HF er konsesjonshavar og ansvarleg for å drive og inneha landingsplassen i samsvar med konsesjonsvedtaket og dei tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

2 Bruk av landingsplassen

Landingsplassen er til privat bruk, og kan berre nyttast etter tillating frå konsesjonshavar. Konsesjonshavar plikter å gjere brukarar av landingsplassen kjende med konsesjonsvilkåra.

Forsvars-, politi- og luftambulanseoppdrag er unntatt frå kravet om tillating.

Konsesjonen gjeld eit trafikkomfang på 2000 flyrørsler i løpet av ein tolv månaders periode. Eit høgre trafikkomfang forutset at konsesjonen vert endra. Konsesjonshavar skal loggføre kor mange flybevegelsar det er på landingsplassen, kor dato og tidspunkt for flyginga kjem fram. Luftfartsmyndigheita kan bestemma at det skal innsendes trafikkdata for landingsplassen.

Landingsplassen skal primært bli nytta til ambulanseoppdrag.

Landingsplassen kan bli nytta heile døgnet, alle dagar, heile året, med mindre det det vert fastsett operative restriksjonar gjennom ei eventuell teknisk og operativ godkjenning, jf. luftfartsloven § 7-11.

3 Miljøkrav

Konsesjonshavar har ansvaret for at det vert utarbeidd inn- og utflygingstrasear i samarbeid med lokale myndigheiter.

4 Endring av konsesjonen og dispensasjon frå konsesjonsvilkår

Konsesjonshavar skal varsle Luftfartstilsynet om fysiske og juridiske endringar knytt til landingsplassen, og om større endringar i bruken. Varslingsplikta gjelder midlertidige eller varige endringar av en slik karakter at det kan ha betydning for vurderinga av vilkåret allmenne omsyn i luftfartsloven § 7-6 første ledd.

Varslinga må skje i rimeleg tid før endringa er tenkt gjennomført, slik at luftfartsmyndigheita kan avgjere om ny konsesjonsbehandling er påkrevd. Luftfartsmyndigheita kan i særlege høve dispensere frå konsesjonsvilkåra.

5 Luftfartsmyndigheitas kompetanse

Luftfartsmyndigheita kan endre konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Luftfartsmyndigheten kan gje pålegg om overtredelsesgebyr til statskassen til den som driver eller innehar landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra under punkt 2, 3 og 4 over.

Konsesjonen kan bli kalla tilbake dersom konsesjonsvilkår, lovbestemmelsar eller forskrifter som gjeld for konsesjonshavarens verksemd, på vesentleg måte vert broten under utøving av verksemda.

Luftfartstilsynet
[dato]